

Leder Nobels fredspris

Forbilde for fred

Det er ingen motsetning mellom det å være en muslimsk stat og det å ta menneskerettigheter på alvor.

Derfor får Tunisias såkalte dialogkvartett Nobels fredspris. De to månedene som er gått siden tildelingen ble kjent, har vært dramatiske. Samtidig har hendelsene styrket legitimiteten til nobelkomiteens valg. I en tid der flere og flere, inkludert presidentkandidater i USA, setter likhetstegn mellom «Den islamske staten» (IS), muslimer og islam, er Tunisia et eksempel på at slike regnestykker er feil.

Den arabiske våren begynte i Tunisia for snart fem år siden. Fortsatt er det bare der det blomstrer godt. I år har de fått svi for at en sekularisert del av landet kan leve sammen med en religiøs del, for at de har godt organiserte menneskerettighetsorganisasjoner og kvinnebevegelser og for at de har et menneskesyn som står i direkte motstrid til bestialiteten IS står for. De brutale terrorangrepene som har ram-

Fredsprisen er en provokasjon mot islamistene.

met dem kan ikke tolkes som noe annet enn desperate handlinger fra grupper som ikke ønsker at land i denne regionen utvikler seg til sunne demokratier.

Nobels fredspris er en provokasjon mot de totalitære islamistene, på samme måte som den har provosert Kina og tidligere provoserte østblokklandene i Europa. I den veldig ustabile situasjonen verden er i nå, er den også et mektig budskap om at det fins en annen vei enn bomber.

Det har vært diskusjoner rundt både fredsprisen som sådan og nobelkomiteen, men dette har ikke tatt kraften fra prisen. Tvert imot er det eksempel på at åpen diskusjon også på dette nivået styrker prisen.

Faren er ikke over i Tunisia. Folkestyret er skjørt, terrortrusselen er sterk og totalitære krefter i inn- og utland har et ønske om å destabilisere landets infrastruktur. Friheten til å kritisere islam er dessuten godt båndlagt.

Derfor er prisen en heder for et påbegynt arbeid og en oppfordring til å fortsette. Mangel på ytringsfrihet er en vesentlig årsak til framvekst av jihadister og ekstremister, sa Abdessattar Ben Moussa i menneskerettsorganisasjonen LTDH, som er en del av prisvinnerkvartetten. Prisvinnerne sa på en pressekonferanse at de lover å arbeide for menneskerettighetene som middel mot terrorisme. Sysselsetting og likestilling blir viktige virkemidler her. Det blir også den turneen de skal ta til Tunisias naboland. Vi ønsker dem inderlig en god tur.



PITTER

USA maser på oss om å sende kampfly til Syria. Vi pleier ikke svare nei til slikt, men la oss nå få dele ut Fredsprisen først.

Kommentar Klimatoppmøtet i Paris

Tines time

Med Synnes våte kyss friskt i minne er det lett å be klimaminister Tine Sundtoft (H) om å kvinna seg opp i innspurten.



Jarle Natland

Politisk kommentator på klimatoppmøtet i Paris

No ligg det an til å bli ein avtale her i Paris – om enn kanskje ikkje i morgon. Mest truleg søndag. Spørsmålet er meir kor forpliktande og omfattande den nye klimaavtalen for verda skal bli.

Det burde ha vore eit sjølv sagt mål i den nye klimatraktaten – heretter kalla Paris-avtalen – at grensa for oppvarminga i verda vert sett til under 1,5 grader. Men no er i alle høve det opprinnelege togradarsmålet kutta med 0,5 i høve til avtaleutkastet som kom klokka 15 onsdag.

Eg rekna som sikkert at Sundtoft som forhandlingsleiar ville gå i bresjen for 1,5 grader. Det slo til. Sjølv om offisielt norsk standpunkt i forhandlingane har vore så diplomatisk som at global oppvarming «bør haldast under 2 grader».

Vind i segla

Klimaforkjemparane har fått ekstra vind i segla med ekstremværet som har sigla frå Island og sørover Europa den siste veka.

200-årsflaumen i Dalane var meir enn dobbelt så stor som sist storflaum i 1992. Men sjølv om omgre-

Både USA, Kina og Polen gjer det betre enn Norge i den årlege rangeringa av klimainnsatsen til verdas land.

pet 200-årsflaum lovar godt for at det skal bli ei stund til neste gong, kan det heilt fint koma ny 200-årsflaum både neste år og året etterpå.

I Storbritannia skifta ekstremværet kjønn og vart til stormen Desmond. To døde, mange tusen evakuerte og straumbrot for hundretusenvis av husstandar var noko av resultatet etter opp mot 340 millimeter regn.

I Aftenbladet varslar klimaforskar Helge Drange om villare, våtare og varmare vêt på Vestlandet og nord i Europa i åra som kjem. Sørover i Europa vert det meir tørke.

Ein klima-versting?

Før helga signaliserte både Tyskland, Frankrike og kolnasjonen Australia at dei no vil ha utsleppskutt som tilsvarar ei oppvarming «mellom 2 og 1,5 grader».

Norge kan sjølvsagt ikkje vera snauare. Tysdag vart det publisert ein rapport i Paris som viser at me fell frå 29. plass til 33. plass på den årlege rangeringa av verdas land sin klimainnsats, Climate Change Performance Index, laga av europeiske miljøorganisasjonar. Vindmølle-landet Danmark toppar i tråd med at Maersk og Dong Energy slit, mens både USA, Polen og India gjer det betre enn Norge.

Rangeringa ser mest på utviklinga i utslepp, men også litt på klimapolitikk. Klimapolitisk scorar me ganske høgt og hamnar i gruppa «very good». Kvifor kjem så vasskraft-nasjonen vår (95 prosent av straumproduksjonen vår kjem frå fornybar energi) som vil avskaffa alle oljefyrte anlegg innan 2018, så dårleg ut totalt?

Hovudgrunnen er naturlegvis som Aftenbladet slo opp på førstesida førre helg: Utsleppa frå oljeindustrien har mest dobla seg sidan 1990. Som leiaren av Naturvernforbundet, Lars Haltbrekken, tørt kommenterte: Rapporten viser at me har en stor jobb å gjera i Norge.

Sandinista!

FN-samlinga på Le Bourget i Paris har eit stort og samlande utgangspunkt: Nær alle verdas land erkjenner at det finst menneskeskapte klimaendringar. 184 av 195 FN-land har lova nasjonale utsleppskutt deretter.

Blant unntaka finn me Nicaragua, som var første land ut til hardnakka å avlevera ein friviljug klimaplan på toppmøtet. President Daniel Ortega var heller ikkje blant dei nær 150 statsleiarane som var med opningsdagen.

Nicaraguas klimaforhandlar uttalte med stor tyngde og fargerikt språk tidleg i forhandlingane at dei nektar å vera med på ein prosess som fører rett ned

ein viss plass og vil leia til global oppvarming på mellom 3 og 4 grader.

Klimarettferd-argumentet frå Nicaragua er at land i verda – med Kina i spissen – står for 72 prosent av alle utslepp av klimagassar, mens dei 100 minste står for berre 3 prosent. Dei rike landa og utsleppsgigantane bør ta sin del av rekninga og vel så det, meiner Nicaragua og dei andre landa som i realiteten har nekta å vera med på klimaforhandlingane.

Du store kinesar

Det er ikkje vanskeleg å forstå synspunktet frå eit fattig land med seks millionar innbuarar som står for 0,03 prosent av utsleppa i verda. Me i Norge slepp rett nok ut ti gonger så mykje (0,3 prosent), men det er lite i verds målestokk. Kor viktig dei store landa er kan me illustrera med at CO₂-utsleppa ser ut til å minka litt i 2015, utelukkande på grunn av mindre bruk av kolkraft i Kina. Dersom du fjernar Kina frå utrekningane, stig utsleppa framleis, slik dei har gjort i mange ti-år.

Kvifor så dette flisespikkeriet rundt 1,5 eller 2 grader global oppvarming?

For dei mest sårbare og nokre av dei fattigaste landa i verda kan det vera skilnaden på liv eller død. Derfor meiner mange land i Latin-Amerika og Afrika, samt sjølvsagt dei mest sårbare øystatane som Maldivane, at 1,5 grader må vera hovudmålet.

Tine Sundtoft gjer no felles front med forhandlingsleiaren frå øystaten St. Lucia og markerer at togradsmålet er for lite ambisiøst.

For eigen del vil eg leggja til at verdas land – oss rike inkludert – burde ta på seg utsleppskutt som kan gje mindre enn 1,5 graders oppvarming. Me snakkar trass alt om å sjå fram mot år 2100.



Hundrevis av miljøforkjemparar formar ein klar bodskap framfor Eiffeltårnet i Paris denne veka under sluttspurten i klimaforhandlingane. FOTO: BENOIT TESSIER, REUTERS/SCANPIX

Replikk

Uten mål og mening

Dale-eiendommen i Sandnes og Hermetikken Stavanger har flere fellesnevne enn skandaløs forvaltning av offentlige penger og arvegods av kulturhistorisk betydning.

Granskingsrapporten om Dale viste at fylket hittil har brukt 74 millioner kroner på eiendommen. Det er ikke slutt ennå. Salgsprosessen som skulle vært godkjent denne uken, har fått enda en ny omdreining. Hva som skjer til sist, til hvem og til hvilken pris eiendommen selges, har bare de som får være med bak fylkespolitikernes lukkede dører en idé om.

Ikke for det.

Tristheten i Dales forfalne skjebne handler om mye mer enn kroner og øre. Den virkelige skandalen er eiendommens ignorerte potensial som verktøy for byutvikling.

En bro over Gandsfjorden

ville knyttet det solfylte området til både Sandnes og Stavanger i tillegg til arbeidsplassene på Forus. Her kunne tvillingbyene utviklet en moderne landsby, og planleggerne kunne få konkretisere noen av sine tanker om det de kaller høyverdige kollektivtilbud. Midt i naturen og med nærhet og avstand, på en gang, til urbane bystrøk skulle Dale ha fristet visjonære byutviklingspolitikere til å gi innbyggerne en fortjent overraskelse.

Hva det blir til nå, er like uklart som tankene politikerkollegene i Stavanger kommune har for Hermetikken-kvartalet på Vestre plata.

Da kommunen kjøpte eiendommen i 2006, gikk det med flere skattekroner enn selger i sine villeste fantasier hadde forstilt seg. Nå er eiendommen solgt med et tap på godt over ti millioner kroner, ifølge informasjon fra kjøper. Kommunen sier ingen ting før salget er politisk vedtatt.

Pengesluk er én ting. Verre er det at politikerne knapt har gikk føringer for hvilken rolle dette sentrale byområdet skal spille i den framtidige byutviklingen. Ildsjeler kjempet for å få studenter inn her. Visjonen var langt større enn å skaffe de unge tak over hodet. Studenter betydning for mangfold og kvalitet på kulturelle og sosiale fellesarenaer i utviklingen av et moderne bysentrum, var både utgangspunkt og mål.

Det falt, som vi vet, på steingrunn.



Torunn Egge Roux
Journalist

Pressens faglige utvalg (PFU) er et klageorgan oppnevnt av Norsk presseforbund. Organet, som har medlemmer fra presseorganisasjonene og fra allmenheten, behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål (trykt presse, radio og fjernsyn).

Aftenbladet betinger seg retten til å publisere i alle Aftenbladets mediekkanaler, herunder å legge stoffet inn i et elektronisk arkiv eller andre databaser som avisen samarbeider med. Unntak fra dette må avtales skriftlig. Publiseringvilkårene gjelder for såvel honorert som ikke honorert stoff.

MER DEBATT
SIDE 37-39

Diktator lurer Stavangers politikere

Finn Våge, Eritreaforeningen

«Får med det te», Wirak?

Nina Aas Eielsen, foreldrerepresentant, Asperholen barnehage